

---

**Fra:** Knut Olav Røssland Nestås <Nestas@tryggtrafikk.no>  
**Sendt:** 4. mars 2016 15:26  
**Til:** Knut Olav Røssland Nestås  
**Emne:** Sykkel- og trafikkopplæringsmateriell for 2016  
**Vedlegg:** Veiledning til Kunnskapsløftet.pdf; Årshjul trafikk 1-7. trinn - eksempel.docx; Trafikksikkerhetsplan Bankgata Skole 8 - 10 - eksempel.docx

Hei!

Trygg Trafikk i Hordaland ønsker med dette å sende ut informasjon om årets sykkel- og trafikkopplæringsmateriell. Materialet skal stimulere skulane i Hordaland til å kunne gjennomføre opplæring i tråd med kompetansemåla knytt til sykkel- og trafikkopplæring innan 4., 7. og 10. trinn jf. Kunnskapsløftet. Me veit at mange skular gjennomfører opplæring gjennom året, og at våren ofte er ei tid med fokus på ekskursjonar, turar i nærområdet, sykkel- og trafikk dagar og avsluttande sykkel- og trafikkopplæring i tråd med lokale årsplanar. Det er frå vår side ønskeleg å formidle både tips om materiell og om kompetansemåla for grunnskulen, så vel som tips til korleis ein kan jobbe med årsplanar for trafikk vidare. Ønsker de rettleiing, må de gjerne ta kontakt.

Det meste av Trygg Trafikk sitt sykkel- og trafikkopplæringsmateriell ligg tilgjengeleg ute på nettsidene våre digitalt. Materialet er *fritt tilgjengeleg, gratis og ope for alle*. Det einaste ein må registrere seg til, er gjennomføring av den teoretiske delen av sykkelprøven. Her kan lærar også enkelt halde oversikt over kven av sine elevar som har tatt prøven, og hente ut resultatata. Materialet ligg tilgjengeleg på [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no) under tema skule og sykkel. Det er også mogleg å bestille materialet i trykt format, sjå nettbutikken vår for meir informasjon om dette eller ta kontakt med oss.

Trygg Trafikk i Hordaland ønsker òg å orientera om eit sykkelkurs for lærarar som blir avvikla hausten 2016 i Bergen. Kurset er gratis og i regi av Trygg Trafikk, med moglege samarbeidspartnarar. Viss lærarar og/eller leiinga ved din skule er interessert i å delta, må de gjerne ta kontakt med underteikna.

**Relevante linkar:**

<https://www.tryggtrafikk.no/tema/skole/>

<https://www.tryggtrafikk.no/tema/sykel-og-sykelhjelme/>

<https://www.tryggtrafikk.no/tema/skole/sykelopplaering-barnetrinn/> (her finn de også sykkelprøven for barneskulen)

<https://www.tryggtrafikk.no/tema/skole/materiell-til-trafikk-valgfag/> (materiell til valfag trafikk, men også informasjon som kan nyttast i tråd med kompetansemål for ungdomsskulen)

<http://nettbutikk.tryggtrafikk.no/> (relevant stoff både for barne- og ungdomsskular)

**Vedlegg:**

Informasjon og rettleiar om kompetansemål knytt til trafikk i tråd med Kunnskapsløftet  
Eksempel årsplan for trafikkopplæring – 1-7. trinn  
Eksempel årsplan for trafikkopplæring 8-10. trinn.

Med venleg helsing

**Knut Olav R. Nestås**

Distriktsleiar Hordaland

Tel: (+47) 41 20 61 32

E-post: [nestas@tryggtrafikk.no](mailto:nestas@tryggtrafikk.no)

**Trygg Trafikk**

Agnes Mowinckels Gate 5

Postboks 7900

5020 Bergen

[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

